



Ole Kristoffer Vågen har bygt ut eit ressurs-senter for båtinteresserte, slår kommunen fast i sin anbefaling av Vågen og kona Anja Strüter som vinnarar av kulturlandskapsprisen for dette året. Han gjekk på båtbyggjarskulen i Jondal 1979/80 for å skaffa seg kunnskap og har heime på garden på Skorpo bygt opp ein stor

verkstad med slipp der han tar imot trebåtar for reparasjon.

Båteigarar kan også koma og få utført naudsynt vedlikehald på egne båtar men også meir omfattande arbeid som skifting av plank og liknande.

Ein spesiell båt er fast innom Skorpo. Det er hardangerjekta Mathilde som er kjem med elevar i samband med leirskuledrifta. Dei får omvisning og innføring i livet på ein kystgard og arbeidet på ressurs-senteret

No ligg skuta til Per Ivar ingebrigtsen på slippen. Ho er seld tilbake til Sunde der ho kom frå.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen

Foto: Kristian Olav Bringedal